



**Møteprotokoll
for
Utval for drift og utvikling**

Møtedato: 09.06.2015
Møtestad: Meland rådhus - Formannskapssalen
Møtetid: 16:00-17:05

Møtet vart styrt av utvalsleiar Atle Håtuft.

Medlemmane var innkallai skriv d. 01.06.2015 og 05.06.2015.

Etter at møtet var heva var utvalet på synfaring til to jordtippar i kommunen.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Atle Håtuft	FrP	Utvalsleiar
Ragnar Bratland	H	Nestleiar
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Aili Vibeke Mjåtvedt Holst	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Anne Grete Eide	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sektorsjef Anny Bastesen og skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen. På synfaringa deltok også landsbrukssjef Laila Bjørge.

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling
10.06.2015

Atle Håtuft
Leiar

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
39/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
40/2015	Godkjenning av møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 28.04.2015.
41/2015	Referatsaker
42/2015	Delegerte saker
43/2015	Klage - Mindre endring av reguleringsplan - Løypetona eigedom 23/34
44/2015	Klage over vedtak i DNT-sak 105/2015 - Søknad om dispensasjon frå arealformål reguleringsplan mv. for oppføring av mur og kaianlegg på gbnr 1/63 i Meland kommune
45/2015	Endring av utbyggingsavtale for Mjåtveitmarka
46/2015	Fastsetting av fellingskvote for hjort i 2015.
47/2015	Søknad om dispensasjonar frå føresegner i kommuneplanen sin arealdel om høvesvis arealformål, plankrav og byggjegrænse mot sjø for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 45/29 i Meland kommune
48/2015	GBNR 37/21 - Søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad
49/2015	Aktuelle saker
50/2015	Høringsuttale - søknad frå Salar Bruk AS om ekspropriasjon av areal for tiltak i Rylandsvassdraget

39/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

"UDU-sak 50/2015 vert utsett. Administrasjonen får i oppdrag å søkje NVE om utsett høyringsfrist. Dersom ikkje høyringsfrist vert utsett må UDU ha eit ekstramøte før høyringsfristen 25.06.2015."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG, 7 røyster for, 2 i mot (H) og er såleis vedteke.

UDU - 39/2015 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjent med følgjande endring: UDU.sak 50/2015 vert utsett."

40/2015: Godkjenning av møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 28.04.2015.

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 28.04.2015 vert godkjent.

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 40/2015 VEDTAK:

Møtebok frå møte 28.04.2015 vert godkjent.

41/2015: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 41/2015 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

42/2015: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 42/2015 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

43/2015: Klage - Mindre endring av reguleringsplan - Løypetona eigedom 23/34

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage mottatt 13.4.2015 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtak 18/2015 av 3.3.2015 i Utval for drift og utvikling vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 43/2015 VEDTAK - mot 1 røyst (SP):

«Utval for drift og utvikling finn at klage mottatt 13.4.2015 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtak 18/2015 av 3.3.2015 i Utval for drift og utvikling vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

44/2015: Klage over vedtak i DNT-sak 105/2015 - Søknad om dispensasjon frå arealformål reguleringsplan mv. for oppføring av mur og kaianlegg på gbnr 1/63 i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 44/2015 VEDTAK:

"Utval for drift og utvikling finn at klage dagsett 6.5.2014 – journalført som mottatt 8.5.2015 – ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 13.4.2015 i DNT-sak 105/2015 vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følge.

Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd."

45/2015: Endring av utbyggingsavtale for Mjåtveitmarka

Rådmannen sitt framlegg:

«Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 17-1, jfr. § 17-2, framlegg til revidert utbyggingsavtale mellom Meland kommune og Rygir Tomteutvikling AS, datert 13.3.2015. Endringa gjeld fornying av bustadbyggjetakt samt diverse justeringar i samsvar med saksutgreiinga.

Utbyggingsavtalen får revisjonsdato som dato for kommunestyrevedtaket.»

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 45/2015 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 17-1, jfr. § 17-2, framlegg til revidert utbyggingsavtale mellom Meland kommune og Rygir Tomteutvikling AS, datert 13.3.2015. Endringa gjeld fornying av bustadbyggjetakt samt diverse justeringar i samsvar med saksutgreiinga. Utbyggingsavtalen får revisjonsdato som dato for kommunestyrevedtaket.»

46/2015: Fastsetting av fellingskvote for hjort i 2015.

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2015 til 146 dyr. Løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Dette gjeld ikkje dei valda som har bestandsplanar godkjente av kommunen. Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 46/2015 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2015 til 146 dyr. Løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Dette gjeld ikkje dei valda som har bestandsplanar godkjente av kommunen. Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

47/2015: Søknad om dispensasjonar frå føresegner i kommuneplanen sin arealdel om høvesvis arealformål, plankrav og byggjegrænse mot sjø for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 45/29 i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen sin arealdel - om høvesvis arealformål, plankrav og byggjegrænse mot sjø - for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 45/29 på Vikebø i Meland kommune i samsvar med høvesvis søknad dagsett 23.2.2015 og vedlagte situasjonsplan og plan- og fasadeteikningar dagsett 19.2.2015.

For grunngjevinga av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.

Byggjetiltaka kan ikkje setjast i verk før det er gitt naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl. kap. 20.

Dispensasjonane fell bort dersom desse ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.»

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 47/2015 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen sin arealdel - om høvesvis arealformål, plankrav og byggjegrænse mot sjø - for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 45/29 på Vikebø i Meland kommune i samsvar med høvesvis søknad dagsett 23.2.2015 og vedlagte situasjonsplan og plan- og fasadeteikningar dagsett 19.2.2015.

For grunngjevinga av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.

Byggjetiltaka kan ikkje setjast i verk før det er gitt naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl. kap. 20.

Dispensasjonane fell bort dersom desse ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.»

48/2015: GBNR 37/21 - Søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling i Meland kommune avslår med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og 11-6 søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr 37/21 i Meland kommune. For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 48/2015 VEDTAK:

"Utval for drift og utvikling i Meland kommune gir med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, for bruksendring

frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr 37/21 i Meland kommune.

Utval for drift og utvikling legg vekt på at bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad berre i liten grad vil innebære

trafikkaukande tiltak på strekninga Litlebergen-Ådlandsvegen, fordi eigedomen allereie er frådelt og utbygd med fritidsbustad, og fordi tiltaket ikkje inneber auka tal på bueiningar på eigedomen.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

49/2015: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 49/2015 VEDTAK:

Følgjande tema vart teke opp:

- Habilitet til Atle Håtuft i sak om høyringsuttale om ekspropriasjon av areal for tiltak i Rylandsvassdraget - tilbakemelding frå Rådmannen er at Atle Håtuft er habil.
- NVE sitt regelverk og mynde.
- Oppfølging av UDU-sak 30/2015 - deling/tilkomst til parsell i Mjåtveit næringspark.

- Utbygging Gudmundsholmen - vidare framdrift.
 - Jorddeponi Hoplandsdalen - vidare framdrift.
-

50/2015: Høringsuttale - søknad frå Salar Bruk AS om ekspropriasjon av areal for tiltak i Rylandsvassdraget

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling har ingen merknader til at Salar Bruk AS får samtykke til ekspropriasjonen i samsvar med vilkår i konsesjonen. Utvalet ber NVE vurdere å knytte vilkår for ekspropriasjonen med omsyn til kulturminne, friluftslivet, naturverdiar og vassdragets vernestatus. Bakgrunnen for vedtaket går fram av administrasjonen si saksutgreiing og vurdering.»

09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 50/2015 VEDTAK:

"Saka vert utsett, jf UDU.sak 039/2015."
